

Innspel innkomne etter  
utsending av saka

**Fra:** Petter Sortland <[Petter.Sortland@hoyanger.kommune.no](mailto:Petter.Sortland@hoyanger.kommune.no)>  
**Sendt:** fredag 22. mars 2019 13:26  
**Til:** Karianne Alette Torvanger <[Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no](mailto:Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no)>; Alfred Jens Bjørlo <[Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no](mailto:Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no)>; Anders Ryssdal <[Anders.Ryssdal@sfj.no](mailto:Anders.Ryssdal@sfj.no)>; Trude Brosvik <[Trude.Brosvik@sfj.no](mailto:Trude.Brosvik@sfj.no)>; Gunn Åmdal Mongstad <[Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no](mailto:Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no)>; Senea Sabanovic <[senea90@hotmail.com](mailto:senea90@hotmail.com)>; Henrik Oppen <[Henrik.Oppen@sfj.no](mailto:Henrik.Oppen@sfj.no)>; Ole Johnny Stubhaug <[Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no](mailto:Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no)>; Sonja Merethe Øvre-Flo <[Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no](mailto:Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no)>;  
**Kopi:** Arve Helle ([arve.helle@enivest.net](mailto:arve.helle@enivest.net)) ([arve.helle@enivest.net](mailto:arve.helle@enivest.net)) <[arve.helle@enivest.net](mailto:arve.helle@enivest.net)>; Bekka Skaasheim <[Bekka.Skaasheim@sfj.no](mailto:Bekka.Skaasheim@sfj.no)>  
**Emne:** Vg 2 studiespesialisering Høyanger vgs skuleåret 2019/2020

Til utvalet for opplæring:

Eg er gjort kjend med at fylkesdirektøren tilrår at det ikkje vert sett i gang gruppe i vg 2 studiespesialisering ved Høyanger vidaregåande skule for skuleåret 2019/2020. Bakgrunnen for tilrådinga er at det berre er 19 søkjavar til gruppa – og vedteken skulebruksplan seier at minimum tal elevar i ei slik gruppe må overstige 20.

Høyanger vgs manglar no altså 1 – ein elev!

Som verstsordførar for Høyanger vidaregåande skule hugsar eg svært godt vedtaket i hovudutvalet og fylkesting om eleven sine rettar, tilbodsstruktur, og krav om minimum søkjartal ism ny skulebruksplan våren 2013. I tida etter at den nye skulebruksplanen vart sett ut i virke har eg og registrert at både hovudutvalet for opplæring og fylkestinget har gjeve «dispensasjon» til skular / grupper som har mangla nokre få elevar for å oppfylle kravet om tal søkjavar.

Eg håper utvalet vurderer konsekvensane for skulen ved å «hoppe over» eit årskull i dette programområdet. Kva med dei 19 elevane som må flytte på hybel midt i skulelaupet sitt? Desse vil jo konkurrere med – og kanskje fortenga elevar «heimehøyrande» i nærliggjande skular som t.d. i Førde. Høyanger vgs får overtalige tilsette i 2 år. Mange av desse har master i ulike fag og dei har lang erfaring. Desse vil kanskje og konkurrere ut kollega ved andre skular i fylket.

Det er ingen skular som har plass til alle elevane frå Høyanger. Elevane vil difor bli spreidde rundt på ulike skular, og dei vil bli konkurrentar til studieplassar på skular næraast heimen.

Med ei gruppe mindre vil Høyanger vgs få reduserte rammer som igjen går ut over fagtilbodet dei kan gi elevane – og dermed bli enno mindre attraktive. Det vil i verste fall øydelegge programområdet studieførebuande berre fordi ein i år er 1-2 elevar under kravet. Dette vil få store konsekvensar for denne skulen som er så liten frå før.

Høyanger vgs syner til at dette er eit spesielt år, då mange elevar ved skulestart i august 2018 søkte andre programområde enn det dei kan tilby. Prøveinntaktet for komande skuleår syner 27 primærskjarar på vg 1 – og dette bør syna at det låge søkeralet på vg 2 i år, ikkje er ein trend.

Eg vonar at de som gode politiske kollega gjer eit godt fundert og framtidsretta vedtak i denne saka komande onsdag. Eg veit de har elevane sitt beste som rettesnor. For nokre skular står ofte slike «slag» om tal grupper – for oss står det om skulen sin eksistens...

God helg til alle!

Petter

Med helsing

*Petter Sortland*

Ordførar

Tlf: +47 57711552 / Mob:+47 91164546

[petter.sortland@hoyanger.kommune.no](mailto:petter.sortland@hoyanger.kommune.no)



Høyanger kommune  
eld kraft vatn

Fra: Bjørn Tore Årøy [mailto:[bjorn.tore@sognalyd.no](mailto:bjorn.tore@sognalyd.no)]

Sendt: laurdag 23. mars 2019 00:23

Til: Bekka Skaasheim <[Bekka.Skaasheim@sfj.no](mailto:Bekka.Skaasheim@sfj.no)>; Tor-Einar Holvik Skinlo <[Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no](mailto:Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no)>

Emne: Brev til sak nr. 7/2019 i møtet i hovudutval for opplæring

Fylkesdirektør, Bekka Skaasheim

Ass. fylkesdirektør, Tor-Einar Holvik Skinlo Møtesekretær for hovudutvalet, Merete Husabø

Viser til sak nr. 7/2019 i møtet i hovudutval for opplæring 27. mars.

Vedlagt er eit brev med viktige synspunkt og opplysningar som me bed om vert lagt fram i møtet.

På vegner av elevar og foreldre på VK1 media Sogndal,

Ole Petter Heggestad,

Elisabeth Nesse Heggestad,

Bjørn Tore Årøy,

Laila Årøy,

Jørn Stenehjem,

Anne-Kjersti Stavø Stenehjem,

Marie Holen Ovrid,

Idar Nes,

Randi Høgi Nes,

Tove Johnsen,

Marie Stølen Ørbeck,

Leif Oddvar Leirdal,

Kjellaug B. Eikeberg

---

Med venleg helsing

Bjørn Tore Årøy

+47 41108550

## Medium og kommunikasjon vg.2 ved Sogndal vidaregåande skule 2019/2020

Vi viser til sak nr. 7/2019 som skal handsamast i hovudutval for opplæring 27. mars 2019. I saka rår fylkesdirektøren hovudutvalet for opplæring, til å gjere vedtak om at det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregåande skule for vg2 medium og kommunikasjon ikkje vert sett i gang. Vidare står det at hovudutval for opplæring rår hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune å gjere ei ny vurdering av ny utlysing av tilboda som ikkje er tilrådde å sette i gang for skuleåret 2019-2020.

Argumentasjonen for å ikkje starte opp vg2 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule er at det etter første prøveinntaket er 13 inntekne i Sogndal og ved Hafstad 15 inntekne, slik at det er to fleire søkerar til Hafstad vidaregåande skule.

Ser vi på søkartala som er lagt ut på heimesida til fylkeskommunen:

[søkartal 2019/2020](#)

[søkartal 2018/2019](#)

er det 17 søkerar til vg1 i Sogndal for skuleåret 2019/2020, og for skuleåret 2018/2019 var det 13 søkerar. Dei tilsvarande tala for Hafstad til vg1 var 11 for skuleåret 2019/2020 og 18 for skuleåret 2018/2019. Altså ei auke i tal søkerar til vg1 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule frå i fjor til i år.

Sogndal vidaregåande skule har gjort eit godt arbeid med å auke tal søkerar til vg1 medium og kommunikasjon for skuleåret 2019/2020. Mister Sogndal vidaregåande vg2 medium og kommunikasjon no, har mykje av arbeidet med å stabilisere linja og gje forutsigbarheit blitt øydelagd.

Slik vi tolkar saka skal det vere vg1 og vg3 medium og kommunikasjon, og ikkje vg2 ved Sogndal vidaregåande skule, skuleåret 2019/2020. Dette stiller vi oss undrande til, sidan ein allereie har lærarressursane på plass ved skulen, og andre tekniske ressursar på plass, og får utnytta dette på ein god måte, ved å medium og kommunikasjon på alle klassetrinna.

Vi er av den formeining at om let ein linja medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule leve og få forutsigbarheit, vil søknaden til denne linja ta seg opp att. Vår oppfatning er at det er uforutsigbarheita og usikkerheita om eksistensen til linja som gjer til at det vert låge søkeratal. Det har vore sterk søknad gjennom 12 år til linja. Etter at det vart usikkerheit kring det tredje året, vart det eit kraftig fall i søkeradstala.

Medielinja har gjennomgåande hatt veldig gode resultat. Vg3-klassen som gjekk ut i våren 2018 var den beste nokonsinne. Den har hatt tilgang på gode lærarkrefter, som har ein bakgrunn frå ulike medieyrke og mediefag.

Ved å fase ut medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule vil ein fase ut det einaste kreative utdanningstilbodet som er her i regionen.

Kompetansen som elevane opparbeider seg gjennom dette studieforløpet vert endå viktigare framover, og det er ei framtidsretta satsing. Levande bilete og videokompetanse vert stadig meir etterspurta. Digital kompetanse vert viktigare og viktigare i samfunnet, og media er difor eit

vekstområde. Mediekunnskap og kommunikasjon vil vere ein nøkkelkompetanse i større delar av arbeidsmarknaden framover.

Medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule har ei unik lokalisering, med tanke på Fosshaugane Campus og samarbeidet med miljøet som er der. Her har elevane ein stor fordel med å ha Fosshaugane Campus som eit nasjonalt utstillingsvindauge, og med praksisplassar i relevante bedrifter som Sogn Avis, NRK, Porten, Gasta Design, Fjellsportfestivalen, Falkeblikk og andre filmselskap og Sogndal Fotball. Fylkespolitikarane har lagt inn store summar i Fosshaugane Campus, og det vil vere feil veg å gå når viktige linjer som er i samarbeid med aktørane vert avvikla.

Vi vil særskilt peike på at Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt inn store ressursar i satsinga på Fosshaugane Campus. Tapet av ei medielinje svekkjer profilen til denne satsinga som har nasjonal/internasjonal tyngde. Det er uheldig når vi no skal gå inn i Vestland fylke. I intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland står det m.a. i kapittel 5 - *Framtidig tenesteyting fylgjande*: «*Vestlandsregionen skal yte best mogleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom: - ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram...»*

På veg inn i Vestland fylke frå 2020 vil det vere uheldig for Fosshaugane Campus at tilboden i regionen vert svekka, og at det vert skapt ny usikkerheit kring opplæringstilboden.

Medielinja er eit alternativt val for ungdommane som ikkje ynskjer eit reint studiespesialiserande løp, men noko meir i tillegg. Klassane opprettar ofte ungdomsbedrift, og tek oppdrag til dømes innan reklame, filming og streaming m.m. Skulen har fast avtale om å streame fylkesfinalen til Ungdomens kulturmønstring (UKM). I tillegg er medielinja ansvarleg for den årlege filmfestivalen; Sogndal Filmfestival. Dei lærer å arbeide i team og utviklar entreprenørskap. Dette er viktig lærdom for ungdommane våre til seinare i livet, både gjennom høgare studieval og i arbeidslivet.

Nett no har elevbedrifta Campus Media rikeleg med oppdrag; både eksternt og på Fosshaugane Campus. Dei skal m.a. strøyme:

- tre konferansar på Høgskulen og Vestlandsforsking; inkludert den store klimakonferansen i april
- UKM i Måløy siste helga i mars, der 20 elevar vil vere i aksjon

Eit anna alternativ kan vere at media og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule bør kunne utviklast til same modell som på Hafstad vidaregåande skule, ved at to linjer vert samkøyrd.

Vi vil til slutt peike på at den sterke søkerlinja har hatt gjennom alle år, fram til usikkerheten rundt 3-årig løp oppstod for fire år sidan. Vi er sikre på at med god forutsigbarheit vil linja på nytt få sterkt søker.

Som foreldre ynskjer vi eit godt utdanningstilbod til ungdommane våre her i Sogn! Medielinja rekrutterer også inn gode elevar frå andre regionar i fylket.

Ole Petter Heggestad, Elisabeth Nesse Heggestad, Bjørn Tore Årøy, Laila Årøy, Jørn Stenehjem, Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Marie Holen Ovrid, Idar Nes, Randi Høgi Nes, Tove Johnsen, Marie Stølen Ørbeck Leif Oddvar Leirdal, Kjellaug B. Eikeberg

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Medlemer i hovudutval for opplæring

## **Medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule**

Viser til handsaming av undervisningstilbod ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane for 2018/19.

Søkartala viser og at det er ein auke i tal søkerar frå 2018/19 til 2019/20 på Vg1 Medium og kommunikasjon ved Sogndal vgs, og det er føreslege å setje i gang grupper ved både både ved Sogndal og Hafstad vidaregåande skular. Dette er bra og viser aukande interesse for studiet.

At det er føreslege å ikkje setje i gang Vg2, stiller eg meg, med bakgrunn i søkartala, undrande til. Auka i tal søkerar 1. året, bør vere eit viktig argument for at 2. året bør oppretthalda for å halde fram trenden.

Over mange år har me og saman med næringslivet arbeidt for å styrke kreative fag i Sogn. Medium og kommunikasjon er eitt av få kreative fag, og eit utdanningstilbod me meiner det er trond for i denne delen av fylket.

Eg vil gje ros til opplæringsutvalet, fylkeskommunen og Sogndal vgs for at restaurant og matfag vert lyst ut. Det har blitt arbeidt godt av skulen og næringslivet for å få fleire søkerar. Det har gitt resultat.

Eg opplever fylkeskommunen som føreseieleg. Om tilboden vil vere der neste år omkring medium og kommunikasjon styrkar ikkje akkurat søkartala. Men no når me opplever auke i tal søkerar er det viktig å oppretthalde Vg2 ved Sogndal vgs..

Næringslivet har tidlegare synleggjort kor viktig denne utdanninga ved Sogndal vgs er, mellom anna for Sogn avis, Porten.no, Gasta design, Falkeblikk, Fjellsportfestivalen, NRK og Sogndal Fotball.

I ei tid der me skal bli ein del av ein større region vil eg meine at det vil vere tenleg så langt råd å oppretthalde og ikkje redusere dette utdanningstilboden i Sogn og Fjordane.

Lukke til med handsaminga i opplæringsutvalet.

Sogndal 23. mars 2019

Jarle Aarvoll

Ordførar Sogndal

**From:** Aasa Grønvold  
**Sent:** Monday, March 25, 2019 9:29 PM  
**To:** Karianne Torvanger  
**Subject:** Merknad til studietilbodet 2019/2020

Hei!

Vi i elevrådet ved Høyanger Vidaregåande Skule har som dei fleste fått med seg at forslaget om at 2.klasse på studiespesialisering på Høyanger VGS ikkje skal startast opp i skuleåret 2019/2020. Dette er noko som ikkje hadde gjort godt for skulen vår, og vi anbefalar ikkje å legge ned ein studiespesialisering klasse, med berre ein paralell, på ein så liten skule. Konsekvensane vert for store.

Mvh,  
Aasa Fredriksen Grønvold  
Elevrådsleiar ved Høyanger VGS

Høyanger, 26. mars 2019

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/utval for opplæring

Vi som foreldre til elevar ved 1STA Høyanger vidaregåande skule fekk i førre veke vite av barna våre at fylkesdirektøren tilrår at det ikkje vert oppstart av Vg 2 studiespesialisering ved Høyanger vidaregåande skule, skuleåret 2019/2020.

Grunnen for dette er at det kun er 19 søkjavarar. I den vedtekne skulebruksplanen står det at det skal vere minimum 20 elevar i ei slik gruppe for at tilbodet skal behaldast.

Barna våre vart svært uroa då dei fekk denne beskjeden førre veke og dette er ikkje noko god situasjon å vere i. Kva skjer om dei må bytte skule? Nokon av barna har ikkje sett opp eit 2. val i det heile. Korleis stiller desse elevane i forhold til dei som allereie har skuleplass og gjort sine val. Våre barn er skuleflinke med gode karakterar og vil nok godt kunne konkurrere med andre elevar på same nivå. Kva då med dei andre elevar sin skuleplass? Vi vil ikkje akseptere at våre barn må velge på nederste hylle der det blir ledige skuleplass! Om det blir ein realitet å legge ned klassen vil nok skulevalet til nokre av barna våre vere noko heilt anna enn studiespesialisering, korleis vil dette bli løyst?

Noko vi reagerer på er at når barna våre sökte 1. året studiespesialisering våren 2018, var det også få sökarar til klassen, og at det då blei vedteke at klassen skulle oppretthaldast. Når det no ligg føre tilråding om å legge ned klassen pga lavt elevtal, spør vi oss, kor er tanken om kontinuitet for 3-årig studiespesialisering ved Høyanger vidaregåande skule. Dette vil også ha konsekvens for andre klassar og heile tilbodet om studiespesialisering ved skulen.

Vi har merka oss at det er gode sökjartal til studiespesialisering for neste skuleår ved skulen, og det er ingen tvil at denne utdanninga er liv laga på Høyanger vidaregåande skule. Det vil difor vere veldig uheldig for elev- og læringsmiljøet om det blir eit «hol» i tilbodet ved skulen.

Barna våre er heldige som får vere elevar ved Høyanger vidaregåande skule der elevmiljøet er godt og det er rom for god læring. Vi håper at også dette kan vere framtida og at barna våre kan få ro og få avslutta utdanninga si ved Høyanger vidaregåande skule.

Med helsing  
foreldre 1STA

Hilde Johanne Bjørkhaug

Jorunn Flæthe

## **Endring i skuletilbodet – Høyanger vgs. skuleåret 2019/2020.**

Det høyres heilt urimeleg ut at ein skal kunne legge ned ein klasse fordi det manglar ein elev for å fylle kravet om at det skal vere 20 søkjarar til å starte ein klasse.

Vi veit at når første inntaket er sendt ut og alle har svart, så ser resultatet annleis ut. Vi veit og at når andre inntaket er unnagjort er det mange som har ombestemt seg. Nokre vel å starte andre stader i fylket. Men når alt kjem til alt er det alltid nokon som kjem attende, fordi dei anten valde feil eller dei rett og slett saknar det gamle klassemiljøet. Eit klassemiljø som no vert splitta.

Tenker og at ein må ta høgde for at det ved Vg1 studiespesialiserande er det 27 søkjarar. Kva med desse elevane året etter? Då har overflødige lærarar blitt flytta på eller tvungr til å søkje ny jobb. Vil skulen kunne få den same kompetansen tilbake?. Dette er i tillegg lærarar som kjenner elevane godt og som elevane har gode relasjonar til.

Kvar skal dei elevane som skal ta til på Vg2 neste skuleår (2019/2020) plasserast? Dei fleste ungdommane vil gå på skule i heimbygda si eller i kommune sin. Det blir meirkostnad for føresette dersom borna deira skal bu på hybel. I tillegg veit vi at det er utfordrande og å få hybel ved dei største vidaregåande skulane i fylket, då dei m.a. må konkurrere med høgskuleelevar.

Konsekvensane er mange ved nedlegging av ein heil klasse. Lokalmiljøet vil bli råka. Lag og organisasjonar mistar utøvarar og vi får ein sårbar handelsstand.

Vi er ein skule med svært gode resultat og gjennomføring. Vi har høg score på undersøking når det gjeld trivsel , læring og kompetanse.

Elles bør ein ta høgde for at Tannklinikken, som ligg vegg i vegg med skulen, no i desse dagar er under ombygging og utviding for å auke kapasiteten sin.

Elevane som vert råka av endring i skuletilbodet, vil misse verdifull undervisning då dei må reise til heimkommunen for å gå til tannlege.

Vi håpar at det er elevane som vert teken omsyn til når denne saka skal avgjerast. Vi ser det som lite tenleg å gjere endringar i skuletilbodet for berre eit år. La dei få bu heime, slik at dei har tid til å vere sosiale i lag med vene og familie. Gi dei tid til å gjøre skuclearbeid og vere delaktig i lokalmiljøet i staden for å bruke tida si på å pendle.

For Fagforbundet sine medlemmar ved Høyanger vidaregåande skule

Unni Kyrkjebø Johansen

Plassstillsvald



Sogn regionråd

Sogn og Fjordane fylkeskommune

### Opplæringstilbodet 2019-2020

Viser til sak om opplæringstilbodet 2019/2020 som hovudutval for opplæring handsamar 27. mars 2019.

Fylkesdirektøren tilrår å ikkje starta opp studiespesialiserande vg2 ved Høyanger vidaregåande skule fordi det er 19 søkjavar til gruppa. Det manglar altså 1 - ein elev for å oppfylle kravet frå skulebruksplanen om minimum 20 elevar. Om gruppa ikkje startar vil det føre til at elevane bli spreidde på andre skular midt i skuleløpet. Med ei gruppe mindre og reduserte rammer er det fare å svekke programområde for Høyanger vidaregåande skule, noko som vil få store konsekvensar for denne skulen som er liten frå før. Prøveinntaket for komande skuleår viser 27 primærskjavar på vg1, noko som viser ein positiv trend for studiespesialiserande ved skulen. Vg2 bør oppretthaldast ved Høyanger vidaregåande skule for skuleåret 2019/2020.

Medium og kommunikasjon vg1 ved Sogndal vidaregåande skule har auke i tal søkjavar frå 2018/2019 til 2019/2020. Dette viser ei aukande interesse for studiet. Næringslivet har tidlegare synleggjort kor viktig denne utdanninga er. Medium og kommunikasjon er eitt av få kreative fag og som næringslivet etterspør i eit mediebilde i endring. Kompetansen som utdanningstilbodet gir, blir endå viktigare framover og er ei framtidssetta satsing. Sogndal vidaregåande skule tilbyr vg1 og vg3. Med den positive trenden som vi ser med auka søkjartal bør vg2 oppretthaldast ved Sogndal vidaregåande skule.

Lukke til med handsaminga i utvalet.

Med helsing

Jan Geir Solheim  
Leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

**Frå:** Marius Varden Fossen <[mariusvarden@gmail.com](mailto:mariusvarden@gmail.com)>

**Sendt:** torsdag 21. mars 2019 11:53:08

**Til:** Alfred Jens Bjørlo; Karianne Alette Torvanger; Gunn Åmdal Mongstad; Anders Ryssdal; Ole Johnny Stubhaug;

Henrik Oppen; Senea Sabanovic; Sonja Merethe Øvre-Flo; Trude Brosvik

**Emne:** Høyanger vgs

**Kjære hovudutvalsmedlem**

Tysdag 19.03 kom eg og klassekameratane mine inn til tredje time. Dette var da den første skuletimen vi hadde den dagen ettersom vi er i gong med ei ny ordning der vi elevar får bruke dei to første skuletimane på tysdagar til å trenere. Då timen starta skulle rektor og ein av våre to kontaktlærarar gi oss ei veldig trist og overraskande nyheit. Dei kunne fortelje oss at klassen vår til neste år, altså Vg2 studiespesialisende i Høyanger, risikerer å bli lagt ned på grunn av for få søkerar. Vidare forklarte dei, som kjent, at vi har kapasitet til 30 søkerar, og at det berre er 19 som har søkt hos oss neste skuleår. Dei opplyser også om fylkestinget sitt vedtak om oppfyllingsgrad og minimumssøkartal som vil seie at vg2 klassen i Høyanger har eit minstekrav på 20 søkerar, og som sagt så er vi «berre» 19.

Det var ein nesten heilt fråverande tanke at klassen vår skulle stå i fare for å bli lagt ned. Etter kvart som dagen gjekk, så sokk alvoret berre meir og meir inn. Det var liksom ikkje det her eg hadde sett føre meg då eg skulle söke på nytt til vg2, korkje eg eller mine medelevar. Tankane mine byrja å svirre rundt, og eg tenkte kva om alt går gale, kvar skal eg då ende opp hen? Då må eg vel flytte på hybel? Og det føler eg meg ikkje klar for endå. Skal eg måtte flytte vekk frå heimbygda mi der eg har så å seie all familie og vene og miste heile min sosiale arena, og måtte starte heilt på nytt? Nei, det var ikkje det eg hadde planlagt for dei neste to åra.

Under emnet «Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020» som er eitt av punkta i sakslista til møte i hovudutval for opplæring onsdag 27.03.2019 står det nøyaktig: «Det er kapasitet til elevane frå vg1 studiespesialisering frå Høyanger vidaregåande skule ved andre skular, men ikkje til alle ved same skule». Det vil seie at eg og mine medelevar vil bli spreidd rundt på forskjellige skular i fylket. Det sterke og nære sosiale forholdet vi har fått opparbeida oss som klasse vil bli rive vekk, og mange vil eventuelt oppleve å miste den nære kontakten med kvarandre. Det kjennest som det skal bli snurra eit «lykkehjul» på 17. mai, der det er tilfeldig kvar vi elvane hamnar og må gå på skule, på grunn av at vi manglar berre ein elev.

Dette går jo faktisk ikkje berre utover oss elevane, men også lærarane. For kva skal dei gjere når vi elevane ikkje er der lengre? Jo, dei kan bli flytta vidare til ein annan skule, og dei lærarane som er der vert flytta vidare, og sånn fortset det nok til det har byrja å jamne seg ut. Utan å vere økonom eller eit geni i matte, så vil eg hevde at dette høyrest økonomisk ugunstig ut. I tillegg vil kommunen få utfordringar og problem med dette. Det vil vere som eit slag i andletet for kommunen om dette forslaget går gjennom. Renommeet til

både skulen og kommunen vil få ei solid ripe i lakken, og kommunen vil miste ein stor del av det ungdommelege miljøet. Ein kan også risikere at dette blir starten på ei rekke påfølgande nedturar for både skulen og kommunen på grunn av denne eine plassen som ikkje er fylt opp. Er det da god distriktpolitikk å legge ned ein heil klasse? Gløymer ein at det kan få store følgjer for bygdesamfunnet, på grunn av at vi berre manglar ein elev?

Eg fekk seinare høyre at fylkespolitikarane hadde vore konsekvente på dette vedtaket tidlegare. Utan å ha noko kunnskap om dei føregåande sakene, så håpar eg at målet med desse møta ikkje er å vere regleryttarar, men å fokusere på kva som er elevane sitt beste og kva som er mest gunstig for oss. Eg har lese fylkesdirektøren sitt råd om at vg2 studiespesialisering i Høyanger ikkje burde bli sett i gang, og eg kan ikkje finne eitt einaste argument for nedlegging i favør oss elevane. Om dette forslaget vert gjennomført vil det ikkje vere nokon vinnrarar, berre taparar.

Venleg helsing Marius varden Fossen og resten av 1sta ved Høyanger vgs

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

v/Hovudutval for opplæring

Nordfjordeid, 22. mars 2019

## Innspel til Hovudutval for opplæring – sak 7/2019

Vi viser til tidlegare innspel frå opplæringskontor og næringsliv om auke av elevtalet på Vg1 Elektro i Nordfjord.

Som kjent skjer det mykje spennande innan elektro, data og elektronikk og automasjon i Nordfjord. Regionen har mange bedrifter innan desse bransjene, som både er leiande i fylket, er i fremste ledd nasjonalt og leiande på verdsbasis. Bedriftene går godt og er optimistiske med omsyn til vekst dei neste åra. Men mangel på kompetanse er eit stort hinder for vidare vekst.

Vi meiner det bør vere grunnlag for å opprette ei ekstra klasse Vg1 Elektro i Nordfjord, då dette vil gje eit betre samsvar i høve tilboda på Vg2 (El.energi, Data og elektronikk og Automasjon), og sikre rekruttering til desse Vg2 løpa. Dette er fag som er det er stor etterspurnad etter, og som vil bli endå meir aktuelle i framtida.

Kvifor meiner vi at tal klasser Vg1 Elektro i Nordfjord bør aukast:


- Skal ein i framtida få kontinuitet i rekrutteringa inn til dei tre Vg2 kursa Elenergi, automasjon og Data og elektronikk vil ein vere avhengige av at fleire elevar går på Vg1. Desse Vg2 kursa rekrutterer i stor grad frå Vg1 Elektrofag på Nordfjordeid, og dermed vil lågare elevtal på Vg1 ha negative konsekvensar for kursa på Vg2.
- Næringslivet i Nordfjord har over tid vist at ein klarar å få ut elevane i lære, og det blir stadig etablert fleire læreplassar. Dette saman med eit auka behov for arbeidskraft, gjer at det er heilt naudsynt å sørge for at næringslivet får rekruttert innan alle dei tre programområda på Vg2. Nøkkelen til dette ligg i å auke tal plassar på Vg1 Elektro.

Stad Vekst og Nordfjord opplæringskontor ber med dette skrivet om at det vert oppretta ei ekstra klasse Vg1 elektro i Nordfjord, og at det i staden for to klasser på 15, vert etablert tre klasser på 12 elevar. Dette vil vere heilt naudsynt å få meir samsvar i høve tilboda på Vg2 (Elenergi, Dataelektronikk og Automasjon).

Med venleg helsing



Dag Helle  
for Stad Vekst AS



Tom-Oyvind Sivertsen  
for Nordfjord opplæringskontor

Sogndal Næringsforeining  
Fosshaugane Campus  
Trolladalen 30,  
6856 Sogndal

Sogndal 26.3.2019

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Medlemer i hovudutval for opplæring

### **Medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule**

Me viser til Dykkar handsaminga av undervisningstilbod ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane for 2018/19.

Sogndal Næringsforeining er sterkt uroa over at utvalet har føreslege å ikkje setje i gang Vg2 Medium og kommunikasjon ved Sogndal VGS. Dette vil gjere utdanninga i Sogndal langt mindre attraktiv, noko som vil gi særslig konsekvensar på sikt. Dersom Vg2-tilbodet skulle bli fjerna, vil dette svekke tilbodet i så stor grad at Medium- og kommunikasjonsutdanninga i Sogndal i praksis står i fare for å bli lagt ned. Dette kan me ikkje stille oss bak.

Medium og kommunikasjon er eit utdanningstilbod det er stor trong for i vår region. Kompetansen er sterkt etterspurta av det lokale næringslivet i Sogndal. Mellom anna har Sogn avis, Porten.no, Gasta design, Falkeblikk, Fjellsportfestivalen, NRK og Sogndal Fotball signalisert at dei er avhengig av rekruttering på dette området.

Faget medium og kommunikasjon opplev ei rivande utvikling med raske endringar. Samarbeid mellom skule og næringsliv er særslig viktig. Næringslivet i Sogn har difor jobba tett saman med skulen for å bidra til at utdanningstilbodet ved Sogndal vgs vert vidareutvikla i takt med den faglege utviklinga i bransjen. Det er difor gledeleg å sjå at søkeratala til Vg1 Medium og kommunikasjon ved Sogndal vgs er aukande. Forslaget til utvalet om å svekke det totale tilbodet i Sogndal, rimar ikkje med denne utviklinga.

Søkeratala for vg1 syner at det er 11 søkerar i Førde og 17 søkerar i Sogndal. Sogndal har ei auke i tal søkerarar til 1. året, noko som bør vere eit viktig argument for at 2. året bør oppretthaldast. Det er vår mening at den aukande interessa for studiet i Sogndal, syner at tilbodet heller bør styrkast. Me stiller oss difor undrande til at utvalet vurderer å gjere det motsette.

For vg2 syner tala at det er 15 søkerar i Førde, medan det er 13 søkerar i Sogndal. Altså ein marginal skilnad som ikkje kan vere utslagsgivande for å fjerne tilbodet verken i Førde eller i Sogndal. Det samla utdannings-tilbodet innan medium og kommunikasjon i Sogn og Fjordane må oppretthaldast, ikkje svekkast

Me vonar at opplæringsutvalet tek omsyn til våre innspel i den vidare prosessen. Lukke til med handsaminga.

Med helsing  
Styret i Sogndal Næringsforeining

Agnar Holen

Eyvind Øgar

Heidi-Katrin Osland

Ole Petter Hatlevoll

Rita Navarsete

Tor Arne Ness

Wilhelm Fredrik Tangerud